

Kunstmålarane, ekteparet Frida og Olav Rusti

Historia om ekteparet er som eit eventyr.

Det byrjar eigentleg i Vest-Agder. Olav Rusti voks opp i Søgne der faren Abraham Rusten var klokkar under den myndige presten Peder Bjørnson, som regjerte i Søgne gamle prestegard. Det er mange som har skrivne mykje om ekteparet. For meg høver det best i denne omgang, berre å ta korte utdrag her og der, og då helst koplingar til Seland og Hidra i Flekkefjord, Søgne, Leikanger i Sogn, Jølster og Bergen.

FRIDA HOECK RUSTI 1861-1963 , f. i Karlsruhe, Tyskland, d. i Bergen 24. juli 1963.
Dotter av hotelleigar C. Hoeck.

Kjell Røysum skriv m.a.i ein artikkel som ligg ute på internett: " Alt i 12-års alderen tok ho til å teikna og måla, og det viste seg snøgt at ho hadde store talent. 19 år gamal hadde ho den fyrste framsyninga si, og fyrste måleriet vart selt for 300 Mark. Ho studerte i Berlin hjå Gussow(Krogh sin lærar), og 22 år gamal for ho til Paris for å studera målararkunsten vidare. To år seinare debuterte ho (1885). .. I Paris studerte ho under leiing av Merson, og kunnskapane ho fekk med seg herifrå brukte ho som grunnlag for arbeidet sitt heile livet gjennom. Fleire somrar drog ho til Maulbronn for å møte andre kunstnarar og spesielt Olav Rusti. Sjølv om ho rekna med at kunsten kom til å krevja all hennar tid, og at det ikkje var rom for mann og familie, var det likevel ho som tok initiativet til ekteskap etter å ha kjent Olav Rusti i 8 år."

OLAV GEORG MARTINIUS RUSTI (RUSTEN) 1850-1920, var fødd i Vannylven, Sunnmøre. Foreldra flytte til Tromøy ved Arendal 1852 og vidare til Søgne i Vest-Agder 1854.

Reidar Storaas skriv: "Olav vaks opp i klokkargarden i Søgne . Seinare vart han sendt til presteonkelen sin i Jølster, der han utvikla teiknegivnaden. På Eckersberg malerskole (Oslo) møtte han Skredsvig, Eilif.Peterssen og Otto Sinding. Kunstnarar han seinare hadde kontakt med heile livet. ... Rusti kom til København og seinare til Munchen for å utdane seg. Saman med slike som Harriet Backer, Kitty Kielland, Erik Werenskiold og Gerhard Munthe vanka han i heimen til generalinne Fredrikke Gram. Ho førde stort hus og var som ei mor for alle, etter det Harriet Backer sa. Det store portrett han måla av fru Gram, er rekna som eit meisterverk, heng i Nasjonalgalleriet. Ulukkeleg kjærleik til Gram-dottera, *Andrea* førde han inn i eremitt-tilvære i Maulbronn 1881." (Andrea gifta seg 1881 med den svenske lege og forfattar Emil Kleen)

Hans Seland skriv i "Aar og dagar"s.135: Det var i eit kloster i Maulbrunn Olav vart kjend med Frida Hoeck fraa Karlsruhe, ho lærde maala hjå han. Og det var der han vart slik maalmann. Kjæraste lesnaden hans i Tyskland var ordboki til Ivar Aasen. Ingen tala nynorsken so "purt og reint" som Olav Rusti."

Frida og Olav Rusti flytte frå Tyskland til Leikanger i Sogn i 1892 og gifta seg der i 1893.

Kjent er historia om det kjempestore tuntreet på Seland - bøka-, som Frida og Olav hadde med frå Tyskland til Leikanger og derifrå til Seland.

I 1895 flytte dei til Bergen, kjøpte villaen Uren av apotekar Lothe, og skapte kunstnarheimen "URDI". Denne bør ein sjå nærare på når ein er i Bergen. Hans Seland var der ofte saman med andre norskdomsvener.

Frida og Olav var og fleire gonger på Seland. Brynhild (Seland) Haktorson på Husnes seier at då ho var jentunge var ho med og bar stafeliet og malersakene til Frida R. når ho var rundt på Seland og fann motiv. I 1937 måla Frida R. eit flott portrett av Siv (Seland) Reinertsen som då var 2 år gamal. I Seland-familien er det mange bilete utført av Frida og Olav Rusti. Bergen Billedgalleri har også fleire bilete av kunstnarane.

Når det gjeld Frida Rusti og bilete frå Hidra, så har det mest samband med veneparet Karen og Ivar Mortensson Egnund. Norskdomsmannen Ivar Mortensson-Egnund, m.a. oversetjar av "Håvamål" til nynorsk, var gift med Karen Nilsen som ætta frå Hidra. Om somrane heldt dei til på Waage på Hidra og Frida Rusti var gjest.

Men så var det koplingen til Søgne.

Far til Olav Rusti; Abraham Rusten var lærar/klokkar i Søgne under presten Peder Bjørnson.(far til Bjørnstjerne).

I ei skolehistorisk bok frå Søgne av Asbj. Hansen:"Lunde skoles krønike" står:

"Rusten var den første læreren på Lunde skole. Han var født i Vannylven på Sunnmøre. Våren 1854 kom han til Søgne fra Tromøy. .. Fram til Rusten sluttet i 1871 var han den eneste læreren på Lunde skole. Rusten var et samlingspunkt i det kristne lekmannsarbeidet. Hans tid i Søgne falt sammen med den myndige Peder Bjørnsens år som sogneprest. Til Bjørnsens store irritasjon holdt Rusten hyppige oppbyggelsesmøter hjemme hos seg selv uten å spørre presten om lov. I det hele var det et temmelig anstrengt forhold mellom de to herrer. Til slutt følte Rusten seg så trakasert av Bjørnson at han sa opp posten sin og flyttet 1871 tilbake til Vestlandet, hvor han bosatte seg på gården Refsnes..."

Kjell Røysum skriv:"Frida Rusti fortalde i eit avisintervju at Abraham Rusten var klokkar i Søgne ved Kristiansand medan Bjørnson var prest. (Han song mellom anna i bryllaupet til Bjørnstjerne Bjørnson.) Presten var ikkje særleg godt likt i bygda, og ein gong han hadde bestemt offer for seg sjølv og klokkaren, fekk klokkaren mykje meir pengar enn presten. Etter dette vart klokkaren so dårleg handsama av presten at han fann det klokast å flytta."

Historikaren Laurits Repstad i Søgne har hjelpt meg med mykje av dette stoffet, og han har fleire vitnemål om ymse pretter mellom Rusten og Bjørnson, spesielt under den store kyrkjestriden, byggjing av nye-kyrkja, skulekommisjon, undervisningsopplegg osv.

Olav Rusti vart konfirmert 1867 i Jølster av morbror , presten Erik Olsen. Her kan me fantasere litt og lure på om konfirmasjonen hadde noko å gjere med striden mellom gamle Rusten og Peder Bjørnson?

To leksikon seier at Olav Rusti voks opp i Jølster. Det rettaste er vel at han hadde nokre ungdomsår her. Eg har ein protokoll som viser prestane i Jølster på denne tida:

*Caspar Hansen	1858 - 1864
*Erik Olsen	1864 - 1871(Mor til Olav R. heitte Antoinette Olsen)
*Johan Fritzner Greve	1872 - 1882
*Christian Astrup	1883 -

Dette tyder på at presten Erik Olsen kom til Jølster i 1864. Olav Rusti var då 14 år. Foreldra bur framleis i Søgne 1854 - 1871.

Etter 9 år som bonde selde Abraham Rusten garden Refsnes, Holmedal i Sunnfjord og vart lærar i Leikanger i Sogn i 1880. Son hans: Peder Christian Rusten 1852-1921 var då i 1879 blitt lensmann i Leikanger og Balestrand. (Peder Rusten var svært omtykt som lensmann)

Frå tida på Leikanger i Sogn skriv Kjell Røysum bl.a.:

"Sjølvs om Frida Rusti berre budde ca 3 år fast i Leikanger, gav ho oss verdifulle kulturskatter i form av eit ukjent antall måleri. Etter at ho og ektemannen, Olav Rusti flytte til Bergen i 1895, var dei ofte på vitjing i Leikanger der han hadde foreldra sine. I tida rundt århundreskifte måla ho mykje på Røysa og var nok eit kjærkomment innslag i miljøet både der og i resten av bygda. Det var mange folk som vitja Røysa i desse åra, både turistar og jegrar, og ho treivt nok godt der det var mange folk ho kunne snakke med. Mange av hennar beste målarstykker er frå Hermannsverk. .. Bestemor mi, Astrid Røysum Njøs (1900-1976) sa at ho vart måla av Frida Rusti ikkje berre ein gong, men kanskje nærare hundre gonger. ... Då Frida Rusti vart enke i 1920 var økonomien dårleg og alt såg mørkt ut, men ho fekk hjelp av ei vennine som organiserte ein utstilling. Der vart det solgt so mykje at ho vart kvitt sine økonomiske problem. Under krigen måtte Frida Rusti flykta frå Urdi, fordi det låg so nær Marineholmen. Det var fleire innbrot i Urdi, og mykje verdifullt materiale vart vekke, mellom anna alle fotografia ho hadde av måleria frå Røysa. Ein mann frå Bergen skreiv til ho seinare og sa han hadde fått kjøpt maleriet "Vesle Kari med poteter". Dette var Kari Røysum som døydde ung. Måleriet vart seinare avbilda i tidsskriftet Urd.

Ho skamma seg over sitt folk under krigen, og ville helst gøyme seg vekk. Dette var noko av det verste ho opplevde. Ho budde so i fleire år i Strandebarm(i Kinck-huset) og måla landskap. Frida Rusti vart fyrst kjent som portrettmålar, men viste etterkvart at ho greidde å festa flott natur og fine stemningar til lerretet på ein måte som tiltala folk flest. ... Nokre og nitti år gamal fekk Frida problem med synet, og det såg ut for at ho skulle verta blind. Det vart intensivkurs med blindeskrift og to spesialbøker vart lesne med fingertuppane. Men det utrullege hende. 97 år gamal greidde legane å gje henne synet attende, og ho kunne ta opp att malarkunsten."

Sokneprest Ottar Nevstad i Skodje Kom., Møre, skreiv 27.09.03 i "Sunnmørsposten" ein artikkel om Frida og Olav Rusti der han bl.a. referer til Ivar Grøvik: "Rusti var gåverik, og fekk mykje vellæte for arbeida sine, men då han var smålåten og tilbakehalden vart han ikkje så kjend som han burde vere." -Frida produserte mange fleire kunstverk enn Olav og på den måten heldt ho den vesle familien med pengar til mat. Frida og Olav var ulike personar. Medan Frida var open og sprudlande, var Olav ein meir inneslutta person.-

Gjennom bl.a. Vestmannalaget i Bergen hadde journalisten Ludv. Jerdal (opprinneleg frå Kvinesdal) god kontakt med Frida Rusti. I "Julehilsen fra Flekkefjord 1963" skriv han minneord om ho og me saksar bl.a.:

"Når eg skriv desse minneordi so er det av di Frida Rusti kjende seg sterkt knytt til Flekkefjord-bygdene og. I hennar siste liveår vitja eg henne ikkje so fåe gonger. Ho var eigar av store samlingar av målarstykker, eigne kunstverk frå eit langt og trottugt og inspirera kunstnarliv. Men på rommet hennar var det eit stort landskapsbilete frå Hydra i Vest-Agder som ruva mest på veggen, det hekk der saman med kunstverk som Olav Rusti hadde måla, og eit stort Jesus-bilete som ho sjølv var meister for. Dette med Hydra-landskapet var slett ikkje tilfelleleg. Ho som hadde so mange naturidyllar som hadde teke form under kunstnarhendene hennar, ho hadde valt seg nett dette. ..

Når bonden og diktaren Hans Seland for framum Bergen, so var han alltid innum "Urdi", den romslege og sermerkte kunstnarheimen til Frida og Olav Rusti. Og Frida Rusti vitja Seland-folket, og hadde penselen med. Ho hev måla eit vedunders livande portrett av Hans Seland der han les soger for tvo av smågjentone sine. Og ho måla naturidyllar, i Nes og på Hidra. Når Agder-diktaren kom til Bergen, so kom han alltid med sogor og moro. I vestmannaflokken i Bergen gjekk Olav Rusti og Hans Seland under namni St. Olav og St. Hans. Og fru Amalie Rusti, brorkona til Olav Rusti, var "spåkjerring" og laga mykje moro. Etter at Hans Seland gjekk burt, heldt Frida Rusti uppe sambandet med Serena Seland, dei tvo skreiv jamt til kvarandre. ...

Merkelege "Urdi" på Damsgård i Bergen! Der livde kunstnarparet Frida og Olav Rusti sine rikaste år, der skapte dei kunstverk som hev varande verd. Men dei gjorde noko mykje meir. Dei gjorde denne romslege og stilfulle heimen til ein møtestad for kunstnarar og andre. Dit kom musikarar, målarar, diktarar. "Urdi" var samlingsstad for mange av dei store i samtidi, og Frida og Olav Rusti var alltid strålende vertsfolk. Dei gjorde ålvor av den gamle norske gjestevenskapen, i "Urdi" var det alltid opne dører.

Vestmannalaget som er skipa i 1868 hadde skapt eit sterkt målmannsmiljø i Bergen og på Vestlandet elles. Og kunstnarparet i "Urdi" var hugheilt med. Hjø dei møttest målfolki. Og dit kom langvegsfarande folk og. Serskildt må nemnast Hulda og Arne Garborg, Karen og Ivar Mortensson-Egnund, Serena og Hans Seland, Rasmus Steinsvik, Sara og Idar Handagard, Hildur og Erik Hirth.

Den fyrste kappleiken på hardingfela vart og halden i "Urdi". Vestmannalaget var tilskipar, og "Urdi" var møtestaden. Det var i 1896, og den kappleiken var med og skapte ein renesanse for hardingfela og for norsk folkemusikk. Storspelemannen frå Vossastrondi, Sjur Helgeland, vart fyrstepremievinnar. I den interessera og sakkunnige lydarflokken var sjølvaste toneskalden Edvard Grieg, han var seinare og fast gjest på desse kappleikane i Bergen so lenge han livde. På 100-årsdagen til Frida Rusti i 1961 - hadde eg den æra å helsa henne med blomar frå Landslaget for Spelemenn, og eg minna um at ho hadde vore vertinna for den fyrste hardingfelekappleiken. Det var mange gjester på 100-årsdagen i "Urdi", og utstilling av kunstverki til henne og Olav. Frida hørde ikkje så godt lenger, men då eg hadde nemnt kappleiken i 1896, svara ho kjapt og med ein humoristisk blenk i augo: "Hels spelemennene!" Ja, kva kunne ho ikkje fortelja frå den rike livsferdi si! Som den gongen Arne Garborg skulle vitja deim i "Urdi" fyrste gongen. Garborg hadde etla seg sudover same kvelden, med natruta, han var på ferd til Knudaheio på Jæren. Men han vart verande i "Urdi" ei heil vika! Ho hadde ei festleg saga om kor "gå-lause" dei kunne vera, både Olav Rusti og Arne Garborg. Det var lenge etter dette fyrste møtet, og Garborg hadde skrive at han kom med toget og vilde vitja deim. Fru Frida bad Olav um å gå og henta Garborg på jarnvegstasjonen. Rusti meinte at det var kje turvande. Garborg hev vore hjå oss so mange gonger, han finn nok vegen! sa han. Men fru Frida visste at Garborg mangla "stadsans", og sa: "Kjære Olav, gå og møt Garborg, so skal kaffien stå ferdig til de kjem!" Og Olav Rusti gjekk. Og det rakk og det varde. Umsider kom dei, og i "Urdi" møtte dei ei undrande fru Frida som spurde kor dei hadde vore. Dei tvo kunstnarane såg på kvarandre og lo, og so fortalde Olav Rusti saga: Dei hadde sett seg inn på trikken, hadde kome i godprat, og fyrr dei rett håtta seg, var dei i Sandviken (i motsatt leid av byen!)-

I siste liveåret sitt - då ho fylte 102 år - måla ho 21 akavarellar, 15 mindre og 6 større. Me fekk sjå dei då me var samla på 102-årsdagen. Det var fine blomemotiv der proposjonar og fargar var so velvalde at mang ein kunstmålar i si beste skapingstid kunde ha vore byrg av å laga noko liknande. Var det ikkje eventyr, ja truleg verdsrekord?"

*Seland, Flekkefjord 15. mars 2004
Bøye Prestegård*